

**PROTOKOLL**  
**MØTE I UTVAL FOR NÆRINGS- OG SAMFUNNSUTVIKLING**

**Møte:** 3-2016  
**Tid:** Onsdag 21. september kl. 12:30 – 16:30  
**Stad:** Hagellia Matstove (Dampen) - Knarvik

**Til stades:**

|                 |   |
|-----------------|---|
| <b>Medlem:</b>  | Hallvard Oppedal - leiar, Jarle Skeidsvoll - nestleiar, Per Lerøy |
| <b>NUI:</b>     | Bent Gunnar Næss  |
| <b>Andre:</b>   |   |
| <b>Forfall:</b> |   |

(utvalet deltok på markeringa til NHIL sin markering av endring av namn til Nordhordland Næringslag – frå kl 13.30 – 15.30)

|                  |  |
|------------------|--|
| <b>Sak 13/16</b> | <p><b>Godkjenning, møteinnkalling og saksliste</b></p> <p><b>Vedtak:</b><br/>Møteinnkalling og saksliste vart godkjent utan merknadar.</p>   |
| <b>Sak 14/16</b> | <p><b>Orienteringssaker</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Status for arbeidsledighet, sysselsettinga og skatteinntektene for kommunane i Nordhordland.<br/>Skatteinntektene i Nordhordland har ein lågare auke enn gjennomsnittet for landet, med unntak av Gulen.<br/>Heilt ledige i % av arbeidsstyrken er ved utgangen av august på 3,4 %, noko som er litt høgare enn for landet.</li> <li>• Status for skulebruksplan i fylket<br/>Skulebruksplanen skal vedtakast av fylkestinget sitt møte 4. – 5. oktober. Det ser ut til å gå mot positive vedtak for Austrheim vidaregåande skule og Knarvik vidaregåande skule.</li> <li>• Status for interkommunal nærings- og samfunnsplan Region Nordhordland<br/>Styringsgruppa skal ha møte i neste veke og etter planen skal den leggst fram for Regionrådet i neste møte og vedtakast der.</li> </ul> <p><b>Vedtak:</b><br/>Næringsutvalet tok orienteringane til etterretning.<br/>Næringsutvalet ser behov for at det vert jobba målretta for å få ned arbeidsledigheten i Nordhordland og få til auka sysselsetting.</p> |
| <b>Sak 15/16</b> | <p><b>Høyring – Utgreiing om Ringveg øst og E39 nord i Åsane</b><br/>Statens vegvesen har 24.08.16 sendt utgreiing om Ringveg øst og E39 nord i Åsane med tilråding på høyring. Høyringsfristen er 18. november.<br/>Næringsutvalet diskuterte den utgreiinga som er sendt ut.<br/>Næringsutvalet ser det som svært viktig at det vert valt eit alternativ mellom</p>  |

|                         |   |
|-------------------------|---|
|                         | <p>Nordhordlandsbrua og Åsane som gir ein framtidretta løysing og som kan realiserast raskt.</p> <p>Det må takast dialog med Bergen kommune om kva som er mest realistisk alternativ og om statleg reguleringsplan synes å vere aktuelt sidan dette er ein viktig parsell av E39.</p> <p>Næringsutvalet reknar med at saka vil bli tatt opp i Regionrådet sitt neste møte. Næringsutvalet kan jobbe vidare med uttalen i neste møte etter innspel frå Regionrådet.</p> <p><b>Vedtak:</b><br/>Næringsutvalet tek saka opp igjen på neste møte.</p> |
| <p><b>Sak 16/16</b></p> | <p><b>Meldingar og eventuelt</b></p> <p>Neste møte i Næringsutvalet er i utgangspunktet bestemt 27. oktober på Osterøy med besøk hos Tysse mekaniske verkstad. Det møte vart flytta til 8. november. Vi får omvisning hos Tysse mekaniske verkstad og orientering frå industrilaget.</p>  |

Knarvik , 21. september 2016

Halvard Oppedal  
Leiar  
Utval for nærings- og samfunnsutvikling

Bent Gunnar Næss  
Prosjektleder  
Nordhordland Utviklingsselskap IKS